

Målblomen til Festidalen.

22.02.2016



Anbjørn Høivik og Martha Nerhus tok mot Målblomen på vegne av Festidalen. Her er dei flankert av Kristian Bringedal og Gaute Lund frå mållaget.

**Under årsmøtet til Kvinnherad Mållag i Sunde kystkultur og litteratursenter i Bergslagen i kveld vart Festidalen tildelt Målblomen. Mottakarane har gjennom åra utmerka seg med ein medviten og god språkbruk, og dei er gode ambassadørar for bruk av nynorsk og dialektar. Marha Nerhus og Anbjørn Høivik tok mot prisen. I grunngjevinga for tildelinga av prisen heiter det:**



Målblomen til Festidalen.

Prisvinnaren har vore ein omtykt festival i år etter år, med gnistrande gode program både når det gjeld musikk og andre tilbod. Ein festival i tida, for ungdom i alle aldrar. Dette gjer dei med all marknadsføring og alt tilfang på nynorsk. Språket på festivalen sine nettsider og anna materiell, er gjennomgåande godt, og ofte leikent og kreativt.

Mållaget har også lagt merke til at festivalen legg vekt på å ha tilbod til barn og unge, og dei legg vekt på å vera synlege og aktive i lokalmiljøet. Festivalen er såleis ein særskilt viktig del av det lokale kulturlivet, noko som også har vore vektlagt i tildelinga.

Denne festivalen viser at viss du er dødskul, så er du endå kulare viss du er det på nynorsk. Det er difor ei glede å tildela målblomen til Festidalen.

Sidan dei ikkje har eit kontorlokale eller annan plass der dei kan stella og stilla ut ein potteblom, så har vi gjort avtale med Magne Huglen om at til våren vil vi planta eit høveleg tre eller ein busk på ein høveleg stad på Dønhaug. Fortrinnsvist ein som blømer tidleg i august.

Foto: Lars Børge Sæberg og Festidalen

Nett: Thor Inge Døssland